
Vår referanse 2020/57342-6
Dato 25.06.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - gnr 348 bnr 49 - Skurtveit - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Tiltaket gjeld søknad om løyve til riving av løe og oppføring av ny einebustad. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Løa blei SEFRAK-registrert i 1993 (ID-nr 1256-0103-029), og det blir der vist til følgjande: «*Floren i denne løa som er bygd ca 1890 er delen av eit gammalt hus som sto på br.nr. 1, der dei første husa på garden Skurtveit sto i ei klynge før utskiftinga. (...) Floren er lafta med rundtømmer som er merka med streker høgere etter lenger du kommer oppover. Grindkonstruksjonen er også merka, det er sneband med trenagler.*» Bygget består av tørkehus, låvedel, flor og eit mindre garasjetilbygg.

Einebustaden er tenkt å vere så identisk lik løa som mogleg, og ein ønsker å ta vare på mest mogleg av denne og bygge på den gamle muren den står på. Seksjon for kulturarv synest dette er ei fin tilnærming, som ivaretek dei historiske strukturane på staden. I det vidare arbeidet vil det vere ein fordel å kople på Kulturverntenesta i Nordhordland, som mellom anna kan gje råd omkring tilpassing mellom nytt og gammalt. Kulturavdelinga i Alver kommune bør også koplast på i saka, slik at ein får vurdert den lokale kulturminneverdien til løa samt sørge for å dokumentere bygget slik det no står. Ein bør også dokumentere heile prosessen, då dette tiltaket kan bli eit godt føredøme for andre. Gjenbruk og ny bruk vil i framtida måtte bli regelen heller enn unntaket, dersom vi skal få til ei berekraftig utvikling og reduksjon i klimagassutsleppa.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Berit Vik
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift